

Dato	Elevkode	Kjønn:	Det første språket du lærte:	Samhandling
15.11.13	9 r 609	jente gut	norsk anna	

Kjære mor, Lisa og Lina.

No har eg vert lenge ute på havet, kapteinen seier 37 dagar, så no var det vel på tide å skrive til dokke. Eg har vanskeleg for å beskrive kor masse eg saknar dokke.

Det har vert ein heilt fantastisk tur til no. Havet er så vakkert og blått.

Været har vert snilt med oss, utanom rett før vi var framme i Gabon. Det blåste opp. Eg blei skikkelig redd. Bølgene var så høge at dei slo over skipet.

Vatnet fløynde, og fylde den gamle Gallionen. Folk jobba hardt for og få vatnet ut av båten. No er eg endelig framme i Gabon, det er så masse rare dyr her og menneska her er svarte som sot. Det er eit dyr her som dei kallar sjiraff, den har ein hals som er høgare enn treda som veks her. Eg har og sett ein hest med svarte og kvitestriper her som dei kallar sebra og det er mange andre dyr her som eg aldri har sett før men eg veit ikkje kva fleire heiter. Vi har handla så masse gull og krydder her. Og held no på og gjer oss klare til å reise vidare til Amerika der vi håpar vi får meir fangst.

Men nokk om meg, korleis går det med søstrene mine? Er Lina fortsatt sjuk og er Lisa flink og hjelpe til? Er pappa fortsatt i fengselet, har dei skjont at det ikkje var han som stal det smøret? Har min kjære Frida funnet ein anna, visst ho har det kva heiter han? Eg sender med litt pengar i brevet, ein mann som eg stolar på som heiter Kolikokotar tar med seg brevet med skipet habiqigia. Saknar dokke, med vennleg helsing [navn].